



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden



Kommunene

Dykkar ref

Vår ref
09/242-17 JHH

Dato
4 MAI 2009

Invitasjon til politisk leiarmøte om bustadsosiale utfordringar

På vegne av Kommunal- og regionaldepartementet og KS har vi gleder av å kunna invitere ordførarar/byrådsleiarar, rådmenn og andre leiarar i offentlege verksemder til møte om bustadsosiale utfordringar. Det skal vera på **Hotel Bristol i Oslo den 25. mai 2009 frå kl. 09.30 til 15.30.**

Vi trur at møtet vil vera av interesse for mange leiarar i kommunane. Møtet kan vera ein arena for utveksling av erfaringar og av gode eksempel på løysingar som fungerer i arbeidet med å skaffa bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I år er moglegheitene mange på det bustadsosiale området. Både i statsbudsjettet for 2009 og i tiltakspakka som regjeringa la fram 26. januar i år, ligg det betydelege satsingar. Særleg relevant er ny bustøtte, og auka løyvingar til bustadtilskot til utleigebustader og startlån. Dette opnar for fleire og nye bustadsosiale tiltak i kommunane.

Tema for møtet kan summerast opp slik:

- Bustadsosiale moglegheiter i 2009
- Korleis stat og kommune kan jobba saman for at fleire vanskelegstilte får hjelp til å skaffa seg ein bustad og bli buande i den
- Gode eksempel på effektive løysingar i eit utval kommunar

På grunn av eit avgrensa tal plassar, oppmodar vi om rask påmelding. Deltakinga er gratis. Reise og eventuelt hotell må dekkjast av den einskilde kommune. Påmelding skal sendast til boby_pamelding@krd.dep.no innan **15. Mai 2009**. Påmelding kan også gjerast elektronisk på www.regjeringen.no/boligsosialt2009. På denne nettstaden finns relevant informasjon om det politiske leiarmøte.

Vel møtt!

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa
Kommunal- og regionalminister



Halvdan Skard
Leder KS

Vedlegg:

- Program
- Samarbeidsavtale om bustadsosialt arbeid mellom KS og regjeringa